# Driftig – raus - ekte:

# Felles visjonar for ein slagkraftig region

Folkevalddagen 23. april 2012

Ordførar Noralv Distad, leiar i Sogn regionråd

# Sogn regionråd sine satsingsområde

- Felles bu- og arbeidsmarknad
- Næringsutvikling – utvikla næringar vi er sterke på
- Sogndal si rolle som regionsenter
- Utdanning, skule og kompetanse
- Helse

# Felles bu- og arbeidsmarknad

- Vegutbetringar Luster-Sogndal-Hella, Vik-Vangsnes og Dragsvik-Balestrand for å få 45-minuttsregion
- Halvtimes ferjeavgangar og nattferjer Hella-Vangsnes-Dragsvik
- Utgreia kombinert skule-, pendlar- og turistbåt Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal
- Pendlarbuss
  - Årdal-Leikanger kopla til Luster og Lærdal
  - kombinert med skulebuss for Aurland, Lærdal og Årdal



# Næringsutvikling

**Infrastruktur**

- Flyplass: Nattstasjonert fly, forlenga rullebane og flyplassveg
- Byggja alliansar for vegsamband Bergen–Trondheim om Sogn
- Arbeida for tildeling av midlar på strekninga Vinje-Hella- Sogndal

**Reiseliv**



- Utgreia eit felles reisemålsselskap i Sogn
- Gje tilskot til felles reiselivssatsing i Sogn
- Utvikla Sogn som heilårsreisemål

**Rekruttering og entreprenørskap**



- Karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim
- Profilera Sogn på framtidsfylket.no
- Entreprenørskap

# Sogndal si rolle som regionsenter

Målet er å styrka Sogndal som regionsenter

Sogn regionråd gir innspel til Sogndal kommune sine planstrategiar


Sogn Avis
Laurdag
14. april 2012 • Nr. 72
Laussal kr. 20,–

Toyota Sogn
– din lokale bilforhandlar!
www.toyotasogn.no
© 57 67 66 66

**Fjell og flott natur dreg kompetanse**

Gründerverksemd doblar frå fire til åtte

*JAKTAR NYE KOLLEGAER: Frå venstre: Jørgen Borgesen Yast, Tore Friele Lie, Falkeblikk, Halvor Gregusson Yast, Håvard Halvorsen, nLink og Aslak Os, nLink. Arbeidskollegaer og turkompisar som etter kvart har blitt godt lokalkjende i Sogndalsdalen.*

Lett tilgjengelege skifjell og mektig natur er aktive verkemiddel for å lokka kompetansearbeidskraft til kunnskapsparken på Campus i Sogndal.
– Me fekk 40 søkjarar og har handplukka fem kandidatar som i helga er i Sogndal for å sjå på tilbodet me har lagt fram, seier Aslak Os, seniorkonsulent i nLink.

Side 10 og 11

**Frontkollisjon i tunnel**
FJÆRLAND: Fem personar vart sende til sjukehus etter ein front mot front kollisjon i Bergstunnelen fredag ettermiddag.
Side 5

**Ønskjer ferjefokus**
LEIKANGER: Fylkesvaraordførar Jenny Følling åtvarer mot at me gløymer ferjene medan me ventar på bruene.
Side 4

**Lokalfotballen rullar i Sogn**
SOGN: Les alt om Vik, Årdal FK og KIL-damer.
Side 16,17,18

Skal du RYDDA?
Me har container til utleige!
Sogn Transportsentral

Nyheit
MOBILT BREIBAND
frå kr 49,- per månad
Surf der du er, når du vil
enivest

# Sterkt regionalt samarbeid

- Sogn regionråd skal vera
  - eit offensivt organ for å utvikla sogneregionen
  - talerøyr for regionen
  - arena for strategi/politikk om felles utfordringar
- Utfordring er å gjera sakene kjende, engasjera fleire og få fram resultata

# Leiar i Sogn avis 11. april 2012



Debatt

## Løfterik framtid

EI FORLENGING AV rullebana på Sogndal lufthamn til 1.199 meter vil kosta om lag 130 millionar kroner. Og viktigare – denne utvidinga er det forholdsvis kurant å gjennomføra, reint teknisk. Dette var den positive meldinga for den framtidige flytrafikken i Sogn som kom like før påske.

BAKGRUNNEN FOR at Sogn regionråd har engasjert Norconsult til å laga ein rapport om forlenginga av rullebana på Sogndal lufthamn, er at nye flytypar vil ha trong for lengre rullebane.

RAPPORTEN OM LENGING av rullebana på Sogndal lufthamn til 1.199 meter skal også brukast som ein del av flyplasseigaren, Avinor, si vidare utgreiing av ei framtidsretta utvikling av lufthamnene. Det er i eit litt lenger tidsperspektiv at innhaldet i denne rapporten er viktig for flyplassen i Sogn.

I AVINOR SIN EIGEN rapport, som ligg ved framlegg til Nasjonal transportplan 2014-2023, er det ikkje lagt inn endringar i flyplasstrukturen i Sogn og Fjordane. Men når Avinor ser inn i neste periode, mot 2030 – er det med ei utfasing av Dash 8, og då ventar flyplasseigaren seg meir dramatiske endringar i den lokale lufthamnsstrukturen.

I EIT AVSNITT om ekspansjon konkluderer Avinor med at ei forlenging av rullebana i Sogndal til 1199 meter, er den einaste flyoperativt aktuelle endringa i fylket. Eit 50-setars fly skal setjast inn på Sogndal som blir eit eige ruteområde. I avsnittet om omstrukturering konstaterer Avinor at rullebana i Florø bør forlengjast til 2000 meter og at Førde lufthamn Bringeland blir lagt ned. Dette er altså det scenario som Avinor ser føre seg i perioden 2024-2030, når talet flyplassar i fylket kan bli redusert til tre.

AVINOR KONSTATERER, som ei forklaring på ei eventuell nedlegging av Bringeland, at det ikkje kan sjåast vekk ifrå at ikkje er praktisk mogeleg å gjera denne flyplassen eigna for operasjonar med 50-setars fly.

MEN SJØLV OM Avinor sin rapport konkluderer med at dess grepa er dei beste reint samfunnsøkonomisk sett, så er det framleis eit spørsmål kva restriksjonar ei utvida rullebane i Sogndal kan få på grunn av at den ligg så høgt som 500 moh. ESA arbeider med nye restriksjonar.

ORDFØRAR JARLE AARVOLL har peika på at dette er noko som ligg meir enn ti år fram i tid, og at det er god tid til å drøfta både utviding og eventuelle ESA-krav. Det har han heilt rett i. Men det viktigaste av alt er at Sogn regionråd er skikkeleg på hogget når det gjeld framtida til fly... Det er all grunn til å gje rådet ... arbeidet så langt. Men ... oppe dersom Sognd... løfterik framti... tyda på ...

> Det er all grunn til å gje rådet mykje ros for arbeidet så langt.

redaksjon@sognavis.no


Sogn Avis
er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde.
REDAKTØR: Jan Inge Fardal
ANNONSESJEF: Leif Johannes Lunde
...PONENT: ... Henjum
sognavis.no


... utsette og sårbare barna i barnevernet, barn som treng plassering utanfor heimen eller andre omfattande hjelpetiltak. Vi meiner det er trong for at barnevernet vert sikra økonomisk stabilitet og føreseibarheit, både i barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) og i kommunane.

Bufetat sitt budsjett for 2012 ligg på same nivå som i fjor. Ein aktivitetsvekst på ca 10 prosent er ikkje godtgjort for, og arbeidet med dei mange omstillingane som går føre seg i etaten er det ikkje innvilga ekstraressursar for. Dette gjere til at Bufetat samla sett skal spare ca 250 millionar kroner, eller 5–6 prosent av sitt budsjett i 2012. Samstundes skal Bufetat drive eit betydeleg omstillings- og utviklingsarbeid.

Det får alvorlege konsekvensar for barnevernet sitt tilbod til barn, ungdom og familiar no og på sikt når Bufetat skjer ned på tilbod og tiltak. I Sogn og Fjordane er det mange små kommunar med få tilsette i barnevernet, og det vil gå mange år før desse kommunane er klar til å ta på seg nye oppgåver, både økonomisk og kompetansemessig.

Konsekvensen av at barn, unge og familiar ikkje får den hjelpa dei treng, er som oftast ein forverra situasjon for alle involverte partar, større alvorsgrad i sakene og behov for meir omfattande tiltak på sikt.

FO i Sogn og Fjordane ser ... ikkje kunne gje hjelp til rett tid til utsette barn og unge og deira familiar.

Moglegheitene for å utvikle eit heilskapleg barnevern vert redusert ved at fagmiljø og kompetanse no vert bygd ned i statleg regi. Kommunane sine moglegheiter til å vere involvert i utviklingsarbeidet vert redusert når det statlege barnevernet sitt fokus ligg på nedbygging. Bufetat si eiga undersøking om samarbeidet med kommunane syner at det er ei felles oppfatning av at det er store manglar ved barnevernet sitt tenestetilbod; dei kommunale og statlege barnevernstiltaka dekkjer ikkje dei reelle behova, og tilboda vert ikkje opplevd som heilskaplege.

FO krev at Bufetat, eventuelt kommunane, får innvilga midlar for å sikre drift av naudsynte tilbod og tiltak. Avviklingsprosessane i Bufetat må stoppast inntil grenseoppgangane mellom statleg og kommunalt barnevern er avklart gjennom varsla evaluering.

Løyvingane må kome gjennom revidert budsjett og statsbudsjettet for 2013. Dette må ikkje gå på kostnad av vidare satsing på det kommunale barnevernet. Fagfolk og fagmiljø i stat og kommune må sikrast rammevilkår som gjer til at dei kan få gjort jobben sin no!

**Sølvi Solvang**
Fylkessekretær, for FO Sogn og Fjordane
Representantskapet

Kvifor ...